



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Julie Marie Andersen, 5557 2355

Vår dato  
28.09.2015  
Dykkar dato

Vår referanse  
2015/9061 433.6  
Dykkar referanse

Fiskeridirektoratet  
Postboks 185 Sentrum  
5804 BERGEN

### Uttale - Høyring - Gjennomgang av område for beskyttelse av korallrev

Vi viser til brev motteke frå Fiskeridirektoratet 26.06.2015 om ein gjennomgang av beskyttelse av korallrev i Norge. Høyringa kjem som resultat av at kunnskap om førekomstar av korallrev har utvikla seg sidan særskilt skydd blei etablert gjennom forskrift om utøving av fiske i sjøen §66. Det er eit nasjonalt miljømål å ta vare på naturmangfaldet i Noreg. Eitt av måla er at eit representativt utval av norsk natur skal bevarast for komande generasjonar. Fiskeridirektoratet gjer no framlegg om å beskytte eit representativt utval korallområde, i tråd med det nasjonale målet. Fylkesmannen i Hordaland uttaler seg om føreslegne førekomstar i Hordaland; Straumsneset i Langenuen og Nakken ved Huglo.

#### *Fylkesmannens uttale*

Forslaget til å inkludere fleire kjende korallrev i forskrifta om utøving av fiske i sjøen § 66, andre ledd, er i samsvar med naturmangfaldlova §§ 8-10. Langenuen er i god økologisk tilstand (Vann-Nett, vassførekomst 0260030200-C) og er forventa å nå miljømålet som er «svært god» tilstand innan 2021. Det er viktig å ta vare på korallførekomstane som lever i våre farvatn, og Fylkesmannen meiner at å inkludere desse to førekomstane på øvste nivå i forskrifta om særskilt beskyttelse er riktig. Forskrifta bør utbetrast til å tydeleggjere føremålet på dette punktet.

Marin verneplan er snart på høyring, og eitt av dei tre kandidatområda i Hordaland ligg i ytre del av Hardangerfjorden; frå Huglo og bankane vest for Hille til nordsida av Ånuglo. Det er gledeleg å sjå at korallreva i Langenuen kan få ekstra skydd på same tid som den marine verneplanen går ut på høyring. Vi vurderte ei tid å utvide det marine verneområdet nordover i Langenuen slik at desse førekomstane vart omfatta, men dette er no ikkje naudsynt. Framlegget er eit godt døme på samhandling mellom sektoretatar for å sikre ei framtidretta forvaltning av kystsona i fylket som kysten vår fortener.

Med helsing

Stein Byrkjeland  
ass. miljøvernsjef

Julie Marie Andersen  
overingeniør

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Kopi til:**

Miljødirektoratet	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM
Havforsknings- instituttet	Postboks 1870 Nordnes	5817	BERGEN